

## Møtereferat

Dato: 26.05.2016

Emne:	<b>Referat frå møte i sentralt AKAN-utval 20.05.16</b>		
Til stades:	Bård Sandal, leiar Helene Systad, arbeidsgivarrepr. Rune Stadsnes, arbeidstakarrepr. Mariann Leganger, arbeidstakarrepr. Gro Altenau, bedriftslege, Bedriftshelsetenesta Frode Mannsåker, sekretær		
Forfall:	Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod	Sak: 2014/193-24	
Møtetid:	20. mai 2016 kl. 13.30 – 14.45	Møtestad: Kontoret til Bård Sandal	

**Møteleiar: Bård Sandal**
**Referent: Frode Mannsåker**

Sak nr.		Ansvar	Frist
7/16	<b>Referat frå møtet 19.02.2016</b> Referatet var sendt på førehand. Til sak 2/16 vart det presisert at med formuleringa «tal uformelle kontaktar» vart det meint talet på personar som har hatt slik uformell AKAN-kontakt. Med denne presiseringa vart referatet godkjent.	FM	
8/16	<b>Ny veileder i AKAN-arbeid</b> Veilederen var sendt ut på førehand. Frode tok ein rask gjennomgang av dokumentet, og ein drøfta i kva grad det er samsvar mellom den nye veilederen og rutinar og praksis i HFK. Konklusjonar: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utvalet tar veilederen til orientering</li> <li>- Det er ikkje naudsynt med noka endring av retningslinene i HFK ut frå denne veilederen</li> <li>- Dokumentet vert lagt ut i Kvalitetsportalen</li> <li>- Link til dokumentet vert sendt ut til AKAN-kontaktane saman med invitasjonen/teaser til kurset 28.10.16</li> <li>- Veilederen kan nyttast i leiaropplæring og annan AKAN-opplæring i HFK.</li> </ul>	FM FM	01.06 01.06
9/16	<b>Planlegging av AKAN-seminar 28.10.16</b> Helene har arbeidd med seminarplanar. Tidspunkt: Fredag 28. oktober kl. 10.00 – 14.30. Jan Spurkeland har sagt ja til å vere innleiar. Lokale: Vi har førebels avtale med Amalie Skram, det lille auditoriet. Dette blir endelig avklart innan 20.06 Målgruppe: AKAN-kontaktar, tillitsvalde, verneombod, leiarar, AMU-medlemmar. Program: Helene lagar utkast til program, i samråd med Bård og Frode Kurskalender: Frode legg kurset i HFK-kalenderen, med førebels tekst. Varsel/teaser: Frode sender ut til alle einingar + AKAN-kontaktane Her kan ein samstundes minne om at AKAN skal vere tema i AMU minst ein gong årleg.	FM HS FM FM	20.06 25.08 01.06 01.06

10/16	<p><b>Sjekkliste for lokalt AKAN-arbeid</b>  Utkast frå Jorunn var sendt ut på førehand.  Det må arbeidast vidare med dokumentet. Helene lagar nytt utkast til neste møte, i samarbeid med Jorunn.</p>	HS	25.08
11/16	<p><b>Oppfølging av handlingsplan for 2016</b>  Handlingsplanen vart gjennomgått, status notert.  AKAN-dagane i Oslo vert 21. og 22. november.  Styremøtet i september vert flytta fram frå 23. til 2. grunna møtekollisjon.  Frode sender ut justert handlingsplan saman med referatet.</p>	FM	01.06
12/16	<p><b>Eventuelt</b>  Ingen saker  <b>Neste møte: fredag 2. september kl. 13-15, hos Bård.</b></p>		